



Utval:	Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling
Møtestad:	Bispen, Kommunehuset
Dato:	13.02.2020
Tid:	09:00

Faste medlemmer som møtte:

Elias Sperstad	Leiar	SP
Mogunn Synstnes	Nestleiar	SP
Rolv Kristen Øygard	Medlem	SP
Nils Henry Fosstuen	Medlem	AP
Astrid Gjertsen	Medlem	BL

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Varamedlemmer som møtte:

Frå administrasjonen møtte:

Tor Taraldsrud
Marianne Stensgård
Øystein Brandsar
Øyvind Pedersen

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Saksnr	Innhald	Lukka
PS 8/20	Referatsaker	
RS 1/20	Søknad om utkøyring av jerveåte i samband med lisensjakt - Odd Ivar Bakken	
RS 2/20	Grotli hyttefelt - Brøyting	
PS 9/20	Orienterings – og drøftingssaker i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling 2019/2020	
PS 10/20	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Liavatnet hytteområde	
PS 11/20	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Bismo	
PS 12/20	Søknad om dispensasjon frå bandtvang - Grotliprøva 2020	
PS 13/20	Søknad om støtte frå næringsfondet - Camp Ut	
PS 14/20	Søknad om etablerarstøtte til Nina's Cafe'	
PS 15/20	Profilering og omdømmearbeid 2020-	
PS 16/20	Søknad om tilskot til nydyrking - gnr. 085/002	
PS 17/20	Søknad om tilskot til driftsbygning - Kjell Gunde Øyberg	
PS 18/20	Oppnemning av nytt trafikktryggingsutval i Skjåk kommune	
PS 19/20	Kommuneplan for Skjåk - arealdelen	

PS 8/20 Referatsaker

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Det kan vera aktuelt å endre namnet på Rv15 Skjåk-Stryn over fjellet, i dag blir det av fleire brukt "Strynefjellet" noko som ikkje er rett namn i Skjåk. Det er også manglande skilting om at ein kjem til Skjåk når ein køyrer gjennom siste tunnel frå vest. Ubrukt potensiale iht informasjon om Skjåk på den store rasteplassen før tunellane frå aust. Det er usikkert korleis ein skal gå fram for å få endra dette.

Vedlikehald av merka stigar i Skjåk: Det er ynskjeleg å vurdere praksis for korleis dette skal bli gjennomført. Ynskjeleg at det blir utarbeidd ein sak for utvalet.

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Sakene vert tekne til etterretning. Samrøystes

RS 1/20 Søknad om utkøyring av jerveåte i samband med lisensjakt - Odd Ivar Bakken 2019/101

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

RS 2/20 Grotli hyttefelt - Brøyting 2019/1118

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Gamle Strynefjellsvegen er fylkeskommunal. Brøyting av denne må blir avgjort av Innlandet fylkeskommune. Grotli hytteforeining bør derfor ta kontakt med dei. Samrøystes.

PS 9/20 Orienterings – og drøftingsaker i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling 2019/2020

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Rapport frå forvaltningsrevisjonen – revisjon av bruk av næringsfondet i Skjåk kommune og kontrollutvalet si drøfting er ikkje sendt utvalet. Under møtet vart innhaldet i rapporten referert for utvalet. Signalet som vart gjeve frå utvalet var at dei vedtaka som har vore gjort i høve til næringsfondet har vore rett i høve til retningslinene for fondet.

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Rapport frå forvaltningsrevisjonen – revisjon av bruk av næringsfondet i Skjåk kommune blir sendt ut til utvalet.

Samrøystes.

PS 10/20 Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Liavatnet hytteområde

Kommunedirektøren si innstilling

Kommuna avslår søknad om dispensasjon frå føresegn i reguleringsplan for Liavatnet hytteområde §3 Byggeområde punkt 3.5.

Kommunedirektørens totalvurdering er at omsøkt tiltak vil kome i konflikt med dei omsyn reguleringsplan skal ivareta.

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Utvalet ynskjer at administrasjonen legg fram ei vurdering av moglegheita for å få innlagt vatn og avløp for alle hytteområda i Skjåk.

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Kommuna avslår søknad om dispensasjon frå føresegn i reguleringsplan for Liavatnet hytteområde §3 Byggeområde punkt 3.5.

Kommunedirektørens totalvurdering er at omsøkt tiltak vil kome i konflikt med dei omsyn reguleringsplan skal ivareta.

Utvalet ber om at administrasjonen legg fram ei vurdering av moglegheita for å få lagt inn vatn og avløp i dei ulike hytteområda i Skjåk.

Samrøystes.

PS 11/20 Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Bismo

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Skjåk kommune godkjenner søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Bismo, for avvikande takform på nytt uthus på eigedom gnr. 32 bnr. 38.

Samrøystes.

PS 12/20 Søknad om dispensasjon frå bandtvang - Grotliprøva 2020

Kommunedirektøren si innstilling

Skjåk kommunestyre vedtek å dispensere frå hundelovens § 6 om bandtvang. Dispensasjonen er heimla i § 9 e i hundeloven.

Det blir sett følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for Norsk Gordonsetterklubb, og dei hundane som deltek i Grotliprøva i 2020
2. Dispensasjonen gjeld i området på nordsida av Ottaelva frå Hamsevika (elva Hamsa) i vest til Øyberget i aust. I tillegg blir det opna for å bruke heile Uppnose med vestleg avgrensing vegen over Bråtååsen. Nordleg avgrensing er grensa for verneområdet (Reinheimen NP / Ottadalen LVO).
3. Dispensasjonen gjeld i tidsrommet 24.april – 26. april 2020
4. Villreinutvalget for Reinheimen-Breheimen v/sekretær Knut Granum, tlf. 91795303 skal kontaktast før prøvene blir gjennomført. Det kan og innhentast informasjon frå SNO v/Per Olav Haugen tlf. 97057213 og SNO v/ Øyvind Angard tlf. 91733365 slik at ein har full kontroll med at det ikkje er villrein i prøveområdet.
5. Kommunen ber om å få rapport frå tiltakshavar om gjennomføringa etter at prøvene er over.
6. All bruk av laus hund skal skje så skånsamt som råd med tanke på natur og miljø.

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Skjåk kommunestyre vedtek å dispensere frå hundelovens § 6 om bandtvang. Dispensasjonen er heimla i § 9 e i hundeloven.

Det blir sett følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for Norsk Gordonsetterklubb, og dei hundane som deltek i Grotliprøva i 2020
2. Dispensasjonen gjeld i området på nordsida av Ottaelva frå Hamsevika (elva Hamsa) i vest til Øyberget i aust. I tillegg blir det opna for å bruke heile Uppnose med vestleg avgrensing vegen over Bråtååsen. Nordleg avgrensing er grensa for verneområdet (Reinheimen NP / Ottadalen LVO).
3. Dispensasjonen gjeld i tidsrommet 24.april – 26. april 2020
4. Villreinutvalget for Reinheimen-Breheimen v/sekretær Knut Granum, tlf. 91795303 skal kontaktast før prøvene blir gjennomført. Det kan og innhentast informasjon frå SNO v/Per Olav Haugen tlf. 97057213 og SNO v/ Øyvind Angard tlf. 91733365 slik at ein har full kontroll med at det ikkje er villrein i prøveområdet.

5. Kommunen ber om å få rapport frå tiltakshavar om gjennomføringa etter at prøvene er over.
6. All bruk av laus hund skal skje så skånsamt som råd med tanke på natur og miljø.

Samrøystes.

PS 13/20 Søknad om støtte frå næringsfondet - Camp Ut

Kommunedirektøren si innstilling

1. Formannskapet løyver kr 70 000 til CampUt v/Fjelleventyret.
2. Tilskotet er eit eingongstilskot og blir løyvd frå disposisjonsfond og overført konto 1470.200.2310 .
3. Arrangementet opnar for aktivitetar til barn som ikkje ønskjer overnatting og som treng eit mindre krevjande aktivitetssopplegg, t.d. grunna funksjonsnedsettingar.
4. Det blir innført søskenmoderasjon.
5. Utbetaling skjer etter skriftleg rapport om korleis prosjektet er gjennomført og når det er lagt fram rekneskapsoppstilling med spesifisering av kostnadane. Dette skal vere attestert av revisor.
6. Ein føresetnad for tilskotet er at restfinansiering er på plass.
5. Andre føresetnadar er at det blir brukt aktivitetsverksemder i Skjåk der det er muleg.
6. Eit vilkår for utbetaling av tilskotet er at mottakar ikkje har uteståande forfalne restansar til Skjåk kommune.

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

1. Formannskapet løyver kr 70 000 til CampUt v/Fjelleventyret.
2. Tilskotet er eit eingongstilskot og blir løyvd frå disposisjonsfond og overført konto 1470.200.2310 .
3. Arrangementet opnar for aktivitetar til barn som ikkje ønskjer overnatting og som treng eit mindre krevjande aktivitetssopplegg, t.d. grunna funksjonsnedsettingar.
4. Det blir innført søskenmoderasjon.
5. Utbetaling skjer etter skriftleg rapport om korleis prosjektet er gjennomført og når det er lagt fram rekneskapsoppstilling med spesifisering av kostnadane. Dette skal vere attestert av revisor.
6. Ein føresetnad for tilskotet er at restfinansiering er på plass.
7. Andre føresetnadar er at det blir brukt aktivitetsverksemder i Skjåk der det er muleg.
8. Eit vilkår for utbetaling av tilskotet er at mottakar ikkje har uteståande forfalne restansar til Skjåk kommune.

Samrøystes.

PS 14/20 Søknad om etablerarstøtte til Nina's Cafe'

Kommunedirektøren si innstilling

- 1) Skjåk kommune løyver inntil kr 100.000,- i etablerarstipend til Nina Åboen. Dette ut frå vurdert sysselsettingsgrad på inntil 1 årsverk.
- 2) Det er eit krav at verksemda vert drive i kommunen i minst tre år. Om verksemda vert flytta ut av kommunen i denne perioden, vil avkorting måtte påreknast.

- 3) Beløpet vert teke frå næringsfondet og overført kontostreng: 1479.450.3255.326
- 4) Utmåling skjer med 60 pst første år, 20 pst 2. og 3. år.
- 5) Det skal sendast skriftleg rapport for aktiviteten etter eitt års verksemd.
- 6) Eit vilkår for utbetaling av tilskotet er at mottakar ikkje har uteståande forfalne restansar til Skjåk

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

- 1) Skjåk kommune løyver inntil kr 100.000,- i etablerarstipend til Nina Åboen. Dette ut frå vurdert sysselsettingsgrad på inntil 1 årsverk.
- 2) Det er eit krav at verksemda vert drive i kommunen i minst tre år. Om verksemda vert flytta ut av kommunen i denne perioden, vil avkorting måtte påreknast.
- 3) Beløpet vert teke frå næringsfondet og overført kontostreng: 1479.450.3255.326
- 4) Utmåling skjer med 60 pst første år, 20 pst 2. og 3. år.
- 5) Det skal sendast skriftleg rapport for aktiviteten etter eitt års verksemd.
- 6) Eit vilkår for utbetaling av tilskotet er at mottakar ikkje har uteståande forfalne restansar til Skjåk

Samrøystes.

PS 15/20 Profilerings og omdømmearbeid 2020-

Vurdering

I vedtaket som vart gjort i Miljø og næringsutvalet den 7.2.2019 om profilering og omdømme, vart det vedteke å ta inn profileringsmidlar som eit punkt i det alminnelege driftsbudsjettet. Dette har synt seg vanskeleg i budsjettprosessen. Kronprinsbesøket reiste med mykje av potten som vart løyvd den gongen. I evalueringa av prosjektet med aktivitetskoordinator i 2019 og utprøving av ulike turistinformasjonsmåtar, har ein kome fram til at det blir viktig å re-designe den elektroniske infosida skjåk.no. Sida skal vere ei infoside for turistar men også for oss som bur i Skjåk. Denne vil til ein viss grad erstatte ein fysisk turistinformasjon og innehalde stoff som ikkje er direkte kommunalt. Kommunalt stoff høyrer naturleg heime på heimesida til Skjåk kommune.

Arrangementa Ståk i Skjåk og Haustakk er viktige omdømmearrangement. Desse har dei siste åra vore arrangert på dugnad og flytta frå dyre innleigde telt på plassen ved Skjåk kjøpesenter til Skjåkhallen. Arrangementa har såleis vorte ein god del billigare å arrangere enn tidlegare. Det vert laga ei eiga løyvingssak til arrangementa og held difor dei utanfor her. Administrasjonen understreker viktigheita av å ha eit budsjett og løyving å styre etter for at ein skal få til ei planmessig jobbing med omdømmearbeidet. Kommunedirektøren tilrår at det vert løyvd 345.000,- til dette formålet.

Kommunedirektøren si innstilling

- 1) Skjåk kommune løyver kr 345.000,- av næringsfondet til redesign av heimeside, profileringsmateriell, kurs og visuelle verkemiddel.
- 2) Midlane vert tekne frå næringsfondet og overført kontostreng:1470.450.3250.

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

- 1) Utvalet tilrår Skjåk kommune å løyve kr 350.000,- til omdømmearbeid.
- 2) Midlane vert tekne frå næringsfondet og overført kontostreng:1470.450.3250.
- 3) Det skal bli utarbeidd ein plan på omdømmebygging og tilflytting.

Samrøystes.

PS 16/20 Søknad om tilskot til nydyrking - gnr. 085/002

Kommunedirektøren si innstilling

1. Hovudutvalet for miljø- og samfunnsutvikling løyver inntil kr 6000 i tilskot til dyrking av 2 dekar på eigedomen Flækøy, gnr. 85 bnr. 2 i Skjåk.
2. Tilskotet utgjer kr 3000 per dekar.
3. Midlane vert teke frå næringsfondet og ført på kontostreng 1470.450.3293.353.
4. Arbeidsfrist er tre år frå vedtaksdato.
5. Ein føresetnad for tilskotet er at mottakar ikkje har forfalne uoppgjorde restansar til Skjåk kommune.

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

1. Hovudutvalet for miljø- og samfunnsutvikling løyver inntil kr 6000 i tilskot til dyrking av 2 dekar på eigedomen Flækøy, gnr. 85 bnr. 2 i Skjåk.
2. Tilskotet utgjer kr 3000 per dekar.
3. Midlane vert teke frå næringsfondet og ført på kontostreng 1470.450.3293.353.
4. Arbeidsfrist er tre år frå vedtaksdato.
5. Ein føresetnad for tilskotet er at mottakar ikkje har forfalne uoppgjorde restansar til Skjåk kommune.

Samrøystes.

PS 17/20 Søknad om tilskot til driftsbygning - Kjell Gunde Øyberg

Kommunedirektøren si innstilling

Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling løyver Kjell Gunde Øyberg inntil kr 69 894.- til utbetring og påbygging av driftsbygningen på gnr. 97 bnr. 2 i Skjåk.

Samla tilskott frå Innovasjon Norge og Skjåk kommune skal ikkje overstige 20 % av kostnadane samla.

Utbetaling av tilskott vil skje etter framlagt rekneskap for bygginga frå rekneskapsførar.

Midlane vert teke frå næringsfondet og ført på kontostreng 1470 450 3293 356

Eit vilkår for utbetaling av tilskottet er at mottakar ikkje har uoppgjorde, forfalne restansar til Skjåk kommune.

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling løyver Kjell Gunde Øyberg inntil kr 69 894.- til utbetring og påbygging av driftsbygningen på gnr. 97 bnr. 2 i Skjåk.

Samla tilskott frå Innovasjon Norge og Skjåk kommune skal ikkje overstige 20 % av kostnadane samla.

Utbetaling av tilskott vil skje etter framlagt rekneskap for bygginga frå rekneskapsførar.

Midlane vert teke frå næringsfondet og ført på kontostreng 1470 450 3293 356

Eit vilkår for utbetaling av tilskottet er at mottakar ikkje har uoppgjorde, forfalne restansar til Skjåk kommune.

Samrøystes.

PS 18/20 Oppnemning av nytt trafikktryggingsutval i Skjåk kommune

Kommunedirektøren si innstilling

Saka vert lagt fram utan innstilling

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Faste medlemmar:

1. Torgeir Ødegård, leiar
2. Cathrin Aamodt
3. Svein Arne Bøje
4. Elin Skjåk Haugen
5. Odd Joar Ramstad

I tillegg blir det ein representant frå politietaten busett i Skjåk representert i utvalet.

Vara:

Morten Kielland
Mai Kathrin Melby

Samrøystes.

PS 19/20 Kommuneplan for Skjåk - arealdelen

Kommunedirektøren si innstilling

Hovudutvalet for miljø- og samfunnsutvikling tilrår formannskapet å sende utkast til arealplan for Skjåk kommune på ekstern høyring.

Behandling i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Vedtak i Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling - 13.02.2020

Hovudutvalet for miljø- og samfunnsutvikling tilrår formannskapet å sende utkast til arealplan for Skjåk kommune på ekstern høyring. Endringar som vart drøfta under møtet blir med i planen vidare i prosessen.

Samrøystes.